
Saknr: 2020/37274-1
Saksbehandlar Kjersti Døsland
Dato: 31.01.2020

Til: Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av verbalpunkt 3 i budsjettvedtak for 2020 - tariffavtale på hotell til fylkestinget

I budsjettsak for Vestland fylkeskommune vart det vedtatt følgjande verbalpunkt:
«Overnattingar i samband med møte på fylkestinget skal vere på hotell der dei tilsette har tariffavtale.»

Advokatfirmaet Thommessen har i eit notat dagsett 9. april 2017 vurdert spørsmålet om tariffavtale for Hordaland fylkeskommune. I dette notatet er det ikkje tilrådd å stille krav om tariffavtale, då det ikkje er i samsvar med EØS-avtalen, det kan vere i strid med kravet om likehandsaming og det kan vere problematisk ut frå kravet om organisasjonsfridom. Notatet vart skrive med utgangspunkt i eit meir omfattande krav frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune, knytt til at det i alle fylkeskommunale innkjøp skulle stillast krav om norsk landsdekkjande tariffavtale, men har likevel relevans.

Vestland fylkeskommune har overtatt hotellavtalane som tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde inngått. Desse hotellavtalane stiller krav om løns- og arbeidsvilkår som ikkje skal vere dårlegare enn gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen, men det er ikkje stilt krav om tariffavtale.

Det vil såleis i utgangspunktet vere i strid med avtalen som er inngått å stille krav om tariffavtale ved avrop på avtalen.

Når det gjeld hotell som skal nyttast i samband med fylkesting, har det vore stor fridom til å velje hotell i begge avtalane. Bestilling av hotell vert gjennomført av politisk sekretariat.

Avtalen på hotell i tidlegare Hordaland gjeld særskilt for fylkesting, og der er det ei liste med namn på hotell som kan nyttast. Dette er ikkje ei prioritert liste, og det er også høve til å velje hotell som ikkje er på lista. Avtalen på hotell i tidlegare Sogn og Fjordane gjeld alle typar overnattingar og konferansar, og er ikkje avgrensa til å gjelde fylkesting.

Det er likevel slik at dei fleste avtalehotella som har vore nytta til gjennomføring av fylkesting har tariffavtale, jf. Fellesforbundet sin liste: <https://www.fellesforbundet.no/hoteller-med-tariffavtale/#/>.

Hotellavtalane vil gjelde i Vestland i 2020. Arbeidet med nye avtalar er så vidt sett i gang. Vi er også i oppstarten av ei vurdering av vår generelle hotellavtale, for hotellopphald i Noreg. Ved gjennomføring av konkurransane vil vi vurdere form og innhald, deriblant kva som vil vere hensiktsmessige kontraktsvilkår knytt til løns- og arbeidsvilkår.

Vedlegg

- 1 Notat - Vurdering av krav om tariffavtale hos leverandør